

## Nils Vangen

|                           |                   |
|---------------------------|-------------------|
| <b>Nedskriverens navn</b> | Gudbjørg Sørhagen |
| <b>Adresse</b>            | Lom               |
| <b>Fødselsår</b>          | 1923              |
| <b>Fødested</b>           | Lom               |

**Er det egne opplevelser som skildres?**    Nei

|                          |             |
|--------------------------|-------------|
| <b>Fortellerens navn</b> | Nils Vangen |
| <b>Adresse</b>           | Lom         |
| <b>Fødselsår</b>         | 1884        |
| <b>Fødested</b>          | Lom         |

Nils Vangen fortel: Eg er fødd 2. feb. 1884 på Vangen. Foreldra mine var Ola Tjøstulfson eller "tamburn Tjøstulfson" som han til dagleg vart kalla av di han var tambur "på moen". Han var fødd 16. februar 1843 og død 1922.

Mor heitte Anne Persdotter Mundhjel. Mora hennar var Rønnaug Rustadalen.

Rustadalen var husmannsbruk under oppigard Galde. ( Det er 4 gardar som heiter Galde).

Mor var fødd 23. mars 1843 og død 22. mai 1926.

Foreldra mine budde på mange stader. Far kunne aldri roa seg lenge på noko stelle.

Men i 1897 kjøpte han Aksla av Hans Veslelin. ( Far til Regine Marstein).

Der var vi til 1921. Da hadde eg teke over heimen og eg selde Aksla og kjøpte att Vangen.

Fyrste tida etter att mor og far var gifte var far husbondskar hjå presten Halling.

Syster mi var fødd prestegarden i 1874. Ho heitte Rønnaug og vart seinare gift med bror til Gjendine Slålien.

Prestegarden, åtte mykje jord den tida over heile bygda. Til dømes Husom. Men gamle Torkjel Husom ( bestefar til Torkjel Husom som eg før har skrive om) fikk kjøpt heimen sin.

Far var med og skreiv seg under som vitne den gongen.

Det var medan far var husbondskar i prestegarden at presten bestemte at alle husmennene etter heile dalen skulle vera med i slåttan ein dag i prestegarden.

Far tala ofte om ein som heitte Nils Vurvoll. Han var husmann på Steinseigen på Runningen i Bøverdalen. Han skulle da og vera med og slå ein dag.

Sume av dei andre gjorde narr av han Nils for han var så liten og dei meinte han kunne ikkje vera noko til å slå. men da det leid på dagen fekk du sjå anna! Han Nils "skorgjekk" du alle saman. Når det var mange som slo gjekk du etter kvarandre i "skorgang". Og han Nils slo fortare enn dei andre og gjekk framum dei.

Prestegarden åtte att der sentrumet Fossberga nå er.

Far var og husmann på fleire stelle. Til dømes på Røysheim hjellen i Bøverdalen. Men eg veit ikkje noko om den tida.

Alle dei husmannsplassane far var på er anten nedlagde eller har dei vorte sjølveigande bruk.

Han far kjøpte og Kvamshågå ein gong av han " hatt-Hans" som dei kalla. far til Hans heitte og Hans. Mora heitte Marit ho var dotter til gamle Per Sandom, han var finne.

Eg var berre ein 9-10 år da eg tok til å gjæta i Kvamsgardane for maten. ( Det var to Kvamsgardar som hadde gjætar saman.)

Men da eg var 12 år kom eg til oppigard Sulheim som gjætar. Der var eg i 2 sumrar. Fyste sumaren hadde eg 28 kroner, fulle klede, 2 par sko og ei ekstra bukse. Eg gjætte 180 geit og 40-50 laus fe. Og eg var og med og mjølka geitene. Fyste sumaren eg var der 1897, var det at

han Torstein Sulheim brann inne nede på Loftsgård. ( dette har eg skrive om i forbindelse med Regine Marstein.) Men eg høyrde aldri at det var sagt noko om det på Sulheim. Eg var konfirmant hausten 1899 den sumaren var eg på nordigard Kvamme. Og hadde 30 kroner og fulle klede.

Vi var 42 gutar og 16 gjinter som stod til konfirmasjon den hausten.

Eg gjekk på skula 72 dagar for vinteren hjå Lars Halm, men eg gjekk 2 år hjå broren Halvord og. Presten heitte Morstenson den gongen.

Den 12. april 1903 reiste eg til Amerika. Det er ikkje noko år det har reist så mange til Amerika frå Noreg som da. Berre frå her i Lom reiste det 14 den våren. Eg var i fylgje med han Ola Volden. Vi gjekk frå Otta. Han Per Erlandson Krøkje kjørde ”panket” (koffertane) våre med hest.

Frå Sulheimsøya reiste det tri generasjoner den gongen. Det var han Jo som var 76 år. Dotter hans, Kari og sonen hennar, han heitte Hans.

Montebello heitte båten som førde oss til Hull. Så reiste vi med toget over England til Liverpool. Der vart vi ventande i 9 dagar på båt.

Vi reiste på ”Vite Stjerne” med ein båt som heitte Eymrik over Atlanteren og vi brukte 10 døgn.

Eldste syster mi var reis til Amerika før og dei to fyrste åra eg var der var eg på farmen hennar.

Så reiste eg til n. Dakota og tok meg ”fritt land”. 160 eker som ein fekk fritt når ein hadde vori i Amerika i to år. Eg og Ola Volden var saman heile tida. Det var indianarane som køyrde oss frå landsbyen over prærien og ut til ”landet”. Eg vart der i 10 år. Da hadde vi fått bra formue av det. I 1915 selde eg min del av farmen og reiste heim att til ”gamle Norge”. Eg kom heim att akkurat på 12 årsdagen som eg reiste,

Eg likte meg godt i Amerika. Bare fyrste året tykte eg det var trist av di eg aldri såg fjell. På turen heim att var det mykje rart. Vi kom ut i ein frykteleg storm. Og vi var berre to av passasjerane som var så pass freske att vi var oppe. Vi fekk radiomelding om å gå til assistanse til ein båt som hadde gått på is nord for Ny Foundland. Og vi måtte leggja om kursen. I 4 dagar såg vi berre pakkis. Da kom det på ny melding om att båten hadde fått hjelp av ein annan. Og vi kunne ta rett kurs att. Men da kom det eit engelsk krigsskip og førde oss inn til Orkenøyene og vi vart liggjande på hamna der i 12 døgn. For England kravde garanti frå den norske regjering på at ikkje lasta vi førde rågummi skulle gå til fientlege makter. Vi vart der på hamna i påskehelga.

I 1916 vart eg gift med Anne Olsdatter Borgen. Ho var fødd i Borgen 20. januar 1884 og døydd 1919. Eg vart gift berre 3 år og 3 månader. Da døydd ho frå meg og dei to smågutane våre. Otto som var 2 ½ år Arne som var berre nokre dagar. Foreldra mine levde da så eg var ikkje åleine, men mor såg dårleg og kunne ikkje stella den vesle så det gjorde eg sjølv. Men det gjekk godt.

På Vangen der eg er fødd var det ei lita stove med eit rom. Innbuet var eit skåp, slagbord og nokre krakkar og skorstein. Det var berre to senger så mor gjorde opp flatsenger på golvet. Vi var 11 barn, men 4 døydd tidleg. Så var det ein bære og eit mura fjøs. Det var mura av ein som heitte Syver Kristenson.

I 1949 leverde eg bruket til yngste guten min.

Eg veit det var ein som dei kalla Bråtå-Nils som tente hjå gamle-gauparen. Gauparen var spurdt for å vera ein skarv på mange måtar. Men han Nils hadde han ikkje råd med.

Ein gong i vatninga om sumaren skulle Gauparen til tings. Og vera borte om dagen. ”Dei fær vatna medan eg er borte”, sa han til Nils. ”Ja, kor skal eg skvetta?”, spurde Nils. ( Dei brukte noko av kalla skjeltreko og skvatta vatnet med, så det kom ned att som regn.) Turen som

Gauparen var så svara han Nils:” På Roåkersteinen, veit eg” Og han Nils gjorde seg dum og stod og skvetta vatten på steinen heile dagen til jorda i kring vart skyld bort og nedover marka. Da Gauparen såg det dagen etter vart han sint og slo til han Nils. Han Nils datt i saman og vart liggande som død. Han gjorde seg til som bevisstlaus og der låg han heile dagen til om kvelden, da stod han opp att og kom ruslande inn til kveldsmaten. Han hadde fått seg ein fridag på den måten.

Ein vår skulle han køyra møkk. ”Kvar skal eg køyra ho?” spurde han. ”På elva, vilt(?) eg” var svaret han fekk. Og han Nils fekk køyrt mange lass på elva før Gauparen fekk stagga han att. Det er eit ordspråk som vert mykje brukt oppi her. Når det tek til å verta berrflekke om våren så vert det sakt: ”Det berrkast under teillom.” Teill er eit sams ord for gran og furu, og det skreiv seg frå ordet ”tyry”.